# Organiseringen i Troms og forskrift for tjenesten

## *Organiseringen av OT i Troms.*

OT i Troms driver ingen egne tilbud, men er en oppsøkende tjeneste som tilbyr veiledning og koordinering av tilbud fra delansvarlige instanser.

Denne delen er under utarbeidelse og må tilpasses hvert år.
Fylket er delt inn i 6 regioner, og det er en koordinator i hver av dem.
Samarbeidende parter er:

Kommunene
- i noen av kommunene er det lokale kontaktpersoner

NAV-kontorene
Utekontakten (der det er aktuelt)
De videregående skolene

## *Forskriften for OT*

### Oppfølgingstenesta i vidaregåande opplæring

(Opplæringslova § 3-6 andre ledd)

**§ 13-1.** *Formål*

Formålet med oppfølgingstenesta er å sørgje for at all ungdom som høyrer til målgruppa, jf. § 13-2, får tilbod om opplæring, arbeid eller anna sysselsetjing.

Tilbod som blir formidla gjennom oppfølgingstenesta, skal primært ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller kompetanse på lågare nivå innanfor vidaregåande opplæring.

Oppfølgingstenesta kan også arbeide for å redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring gjennom samarbeid med rådgivingstenesta i grunnskole og vidaregåande opplæring.

**§ 13-2.** *Målgruppe*

Målgruppa for oppfølgingstenesta er ungdom som er omfatta av den lovfesta retten til vidaregåande opplæring, og som det aktuelle skoleåret

a) ikkje har søkt eller teke imot elev- eller læreplass, eller

b) avbryt slik opplæring, eller

c) ikkje er i arbeid, eller

d) har tapt retten som følgje av vedtak om bortvising med heimel i opplæringslova § 3-8 eller som følgje av vedtak om heving av lærekontrakt i samsvar med opplæringslova § 4-6.

**§ 13-3.** *Oppgåver*

Fylkeskommunen skal gjennom oppfølgingstenesta sørgje for

a) Å ha oversikt over målgruppa som er definert i § 13-2

b) at det blir teke kontakt med kvar enkelt ungdom i målgruppa

c) at alle i målgruppa får tilbod om rettleiing

d) at alle i målgruppa får tilbod i samsvar med § 13-1

e) å ha oversikt over aktuelle tilbod for målgruppa og

f) å følgje opp ungdom som har teke imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta.

Ungdom i målgruppa som ikkje tek imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta, og som ikkje er i utdanning eller arbeid, skal kontaktast og få tilbod kvart skoleår så lenge dei er omfatta av den lovfesta retten til vidaregåande opplæring.

Registrering av ungdom som høyrer til ansvarsområdet for oppfølgingstenesta, og som tenesta formidlar tilbod til, skjer gjennom heile året.

**§ 13-4.** *Samarbeid og samordning*

Oppfølgingstenesta skal sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa, og formidle, eventuelt samordne, tilbod frå ulike instansar. Aktuelle instansar for samarbeid er særleg grunnskolane og dei vidaregåande skolane og rådgivarane der, den pedagogisk-psykologiske tenesta, opplæringsadministrasjonen i fylkeskommunen, arbeidsmarknadsetaten og sosial- og helseetaten.